Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bordskikk til hverdag

Oppskr. av: Johs. Ekker

(adresse): Fosslandsosen

Fylke: Nord-Trøndelag

Herad: Otterøy

Bygdelag: Otterøya

Gard: Engesvik (Engjesvikja)

G.nr. 19 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Brukte her fallbord (skivebord). Ja, ein sat ved bordet alle måltider.
2. Til begge spørsmål: ja, ja.
3. Husbondsfolk og tenarar åt ved same bordet. Det er skikken enno, og samstundes.
4. Nei -- ja.
5. Ja.
6. I jula og andre høgtidshelger -- heile huslyden saman. Slik vardet før. No kanhende gjer ein mindre skilnad i så måte på høgtidshelg og andre dagar.
7. Ja. -- Husbondsfolk, born og tenarar.
8. Ja. Visstnok omlag 10 år. Ventelig omkring 1890. Eg veit forresten ikkje om dei hadde denne skikken i alle hus.
9. Nei. Den eine av bordendene stod gjerne inntil veggen, og husbonden tok gjerne plassen innved veggen. Ellest inga markering.
10. Husbonden og husmora ved kvar sin ende av bordet, dei andre på sidene.
11. Det kom an på ka slags arbeid ein hadde. Ved arbeid på åkeren og med frauden vaska ein alltid hendene, men ikkje alltid når ein heldt på med trearbeid eller liknande. Det er vel først i dette hundradåret ein har bynt å leggje meir vekt på dette. Dei hadde aldri huva på ved bordet så langt att eg hugsar. Huva tok dei tå med det same dei kom inn. Vi ungane vart strengt tilhaldi ikkje å ha huva på når vi åt. Vi skulle syne maten og Vårherre som gav maten den, vyrdnad.
12. Ikkje i det huset eg vaks opp, men ellest var det visst enno fleire stader her dei åt av sams fat (graut, sodd o.s.b. Det vart visst slutt med det i byninga av dette hundradåret. Men eg hugsar det hendte at når vi ungar kom til nabohus og fekk traktering, så fekk vi drikke av same mjølkkoppen. -- Dei som åt av sams grautfat, hadde og ventelig sams mjølkkopp, men eg minst ikkje å ha sett det. Det eg har sett er at kvar hadde sin eien grauttallerken og sin eien mjølkkopp. Dei tok da ein porsjon graut med skeia, stakk så skeia i mjølkkoppen og førde så det heile til munnen. Some bruker den skikken enno, men andre drikk mjølka til grauten. Som mjølkkoppar brukte dei små kummar. Ventelig er skikken med eien kopp komi med kaffedrikkinga, men eg hugsar ikkje så langt att.
13. Gryta på bordet kjenner eg ikkje til. Eg var tilstades i eit brudlaup kring 1900. Der vart sodd servert i

4857

Gjenpart. Ved eit uhell kom blåpapiret til å liggje gale vegen, så originalen kom fram på ark 2. Dette var altså gjenparten

23

Nord-Trøndelag

Otterøy

Bordskikk til kvardag   Otterøya

Johs. Ekker   Engesvik (Engjesvikja)

Fosslandsosen   19   1

Ja.

1. Brukte her fallbord (skivebord). Ja, ein sat ved bordet alle måltider.
2. Til begge spørsmål: ja, ja.
3. Husbondsfolk og tenarar åt ved same bordet. Det er skikken enno, og samstundes.
4. Nei -- ja.
5. Ja.
6. I jula og andre høgtidshelger -- heile huslyden saman. Slik var det før. No kanhende gjer ein mindre skilnad i så måte på høgtidshelg og andre dagar.
7. Ja. -- Husbondsfolk, born og tenarar.
8. Ja. Visstnok omlag 10 år. Ventelig omkring 1890. Eg veit forresten ikkje om dei hadde denne skikken i alle hus.
9. Nei. Den eine av bordendene stod gjerne inntil veggen, og husbonden tok gjerne plassen innved veggen. Elles inga markering.
10. Husbonden og husmora ved kvar sin ende av bordet, dei andre på sidene.
11. Det kom an på ka slags arbeid ein hadde. Ved arbeid på åkeren og med fråuden vaska ein alltid hendene, men ikkje alltid når ein heldt på med trearbeid eller likmande. Det er vel først i dette hundradåret ein har bynt å leggje meir vekt på dette. Dei hadde aldri huva på ved bordet så langt att eg hugsar. Huva tok dei tå med det same dei kom inn. Vi ungane vart strengt tilhaldt ikkje å ha huva på når vi åt. Vi skulle syne maten og Vårherre som gav maten den vyrdnad.
12. Ikkje i det huset eg vaks opp, men elles var det visst enno fleire stader her dei åt av same fat (graut, sodd o.s.b. Det vart visst slutt med det i byrjinga av dette hundradåret. Men eg hugsar det hende at når vi ungar kom til nabohus og fekk traktering, så fekk vi drikke av same mjølkkoppen. -- Dei som åt av same grautfat, hadde og ventelig same mjølkkopp, men eg minst ikkje å ha sett det. Det eg har sett er at kvar hadde sin eigen grauttallerken og sin eigen mjølkkopp. Dei tok da ein porsjon graut med skeia, stakk så skeia i mjølkkoppen og førde så det heile til munnen. Some bruker den skikken enno, men andre drikk mjølka til grauten. Som mjølkkoppar brukte dei små kummar. Ventelig er skikken med eigen kopp komi med kaffedrikkinga, men eg hugsar ikkje så langt att.
13. Gryta på bordet kjenner eg ikkje til. Eg var tilstades i eit brudlaup kring 1900. Der vart sodd servert i

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Original

(Gjennomslaget av side 1 er på baksida av originalen 1. ark)

2

trebunker. Det var minst 4 som åt saman av kvar bunke.
(Men dette var ikkje her, det var i ei nabobygd).
Tilfeldige framande vart det servert for serskiltxxxx inne i stua, ikkje saman med folket i huset. Det var vel det vanlige.

14. Av sild brukte ein alltid å lage "bætta". Ungane vart tilhaldi å gjera dette. Dei tok eit stykke flatbrød, oppå dette la dei eit stykke sild, oppå sildstykket la dei så ei skive potet, så til slutt eit stykke flatbrød, og så var "bættan" ferdig. Liknande gjorde dei vel og med kjøtt og flesk og fisk, men dette hugsar eg ikkje så nøye. Eg hugsar namnet "leverbætta". Når dei hadde fisk og lever attåt, la dei også lever inn Xxxxxxxx i"bættan". Dei kunne og ha berre lever og potet og flatbrød i ein slik "bætta". Så var det"isterbætta". Da brukte dei ister av spikisilda.
14. Ja det er den vanlige skikken her.
16. Nei, det var ikkje haldi for serlig god skikk.
17. Første tida eg hugsar brukte ikkje heimefolket gaffel anna enn når det skulle vera fint, t.d. i jula og når det var framande. At gaffelen kom i vanlig bruk, var ventelig i byninga av dette hundradåret.
18. Det har eg aldri sett. Jau, kanskje har eg sett tolkniven brukt til spikisilda, men det var ikkje det vanlige.
19. Ja, såvidt eg hugsar ville kvar ha si skei. Om dei var merka, hugsar eg ikkje, men kvar kjente nok skeia si, og dei som laga på bordet, kjente dei nok og. Først i tida eg hugsar var det i bruk skeier av tre og horn, sia vart dei av metall, t.d. tinn. Her i huset var brukt berre skeier av metall. No et vel mest alle med sylvskeier. Skeiene vart vaska så langt att eg minst.
20. Frå mi første tid minst eg porselenskoppar til høgtidsbruk. Ellest var det krusty og gropare steinty. Til oss ungane brukte dei blikktallerkener, så vi ikkje skulle slå dei sund. Sia har det vori i bruk tallerkener av steinty. Før brukte dei nok små trefjøler og dreia trekoppar. Så langt att eg minst var her i huset brukt tallerkenar av steinty til graut og liknande.Kvar sin tallerken.Men somme stader enno av sams fat.
21. Nei, ikkje bordduk til kvardags, ikkje no heller, det eg veit.
22. Til vanlig brukar ein no voksduk, eller og er bordplata måla.
23. Kjøtt, flesk, smør o.l. vart skifta av husmora til tenarar og born og lagt på kvar sin plass. Likeså påsmurd tørrmat. Såvidt eg hugsar, forsynte husfaren seg sjølv.
24. Sjå frammafor. Tørmaten var gjerne løype (lompe), vaffel, skeibladkeke eller omnsbrød.
25. Det kan eg ikkje hugse. Alle fekk visst nokonlunde likt.
26. Omlag 5 år. Før var dei med i skiftinga. No er det nok mest vanlig at dei forsyner seg sjølv. Sjølvsagt måtte dei ved somme slags mat ha hjelp lenger. Dei
2Xx som hjelpte var forelder og eldre søsken.
27. Ja, i mi oppveksttid var det heilt vanlig, men no er det nok for lenge sia slutt med dette.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 4857

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Original

Emne nr. 23

28. Julekvelden hugsar eg dei song føri og etter maten, ellest ikkje, og det var visst ikkje i alle hus dei gjorde det heller. I einskilde hus heldt visstnok husfaren bordbøn før og etter måltidet, men i dei fleste heimar var det nok ikkje tilfellet. Derimot var nok skikk i dei fleste heimar at ungane måtte lesa bordbøn før og etter maten, men ikkje alle stader. I somme heimar held ~~nok~~ dei nok fram med denne skikken, men dei fleste stader er den nok falli bort i førstninga av dette hundredåret.

29. Vi ungane vart tilhaldi ikkje å snakke med vi åt. Var det nokon som snakka, var det nok husbonden som førde ordet. Alt som vedkjem dette er såvidt eg veit, falli bort.

30. Om å le, gjeld det same som om å snakke. Vi ungar var tilhaldi ikkje å le når vi åt.

31. Men det var strengare forbud mot syngje. Noko ord eller munnhald som vedkjem desse 2 punkta, kjenner eg ikkje.

32. Ja, det var skikken, og ordre til ungane, men som venteleg var, vart det tildels sett millom fingrane med dette.

33. Ja,/~~axxegxtil~~ (sjølvsagt retta til husbondsfolket).
i somme hus
I somme hus har eg høyrd den skikken enno.

34. " Velsign spis" eller: "Velsign maten".

35. Nei ikkje, utan det var ein langferding, men da fekk han vel oftast serskilt oppdekning.

36. Det kom an på kem det var. Var det langfarande slektning eller kjenning, så vart det stelt til mat til han. Var det ein som dei ikkje syntes dei hadde slik plikt imot, gjekk husmora til han med ein kumme med mjølk. Framandkaren reiste seg da frå sessen og drakk mjølka ståande. Denne gjestmildskapen vart synt langfarande, om det så var ein "fussi" eller landstrykar.

37. Nei det trur eg ikkje -- heller ikkje no.

38. Same svaret som til nr. 37.

39. Det er sjølvsagt ymse etter tilhøva. Er det utanom måltida, et han vel gjerne åleine. Ellest sit vel husfaren og kanskje husmora saman med han.

40. Har vori så før -- kjem no meir og meir bort, så det er i grunnen individuelt.

41. Det er vel helst husmora som iallfall tildels held seg i nærleiken og ser etter at gjesten forsyner seg. Kanskje også husfaren. Men så vidt eg kan skyna, tek dei ikkje plass ved bordet. Som før sagt retter tilburden seg etter dei ymse tilhøva.

Tillegg til punkt 5. Som eg har sagt, var det visst for det meste så langt at eg hugsar. Men før den tida var det kanskje annleis. Kjøkenet var kanskje så stort at det var både kjøken og stue, eller og så lite at det var for lite til koking og matlaging. og at det då var ei stor stue med sida, der dei både åt, arbeidde og kanskje låg. Det siste var det nok berre husbondsfolka og dei minste borna som brukte stua til. — Forandringane i bruk av romma er komi litt om senn, og ikkje hos alle i same bygda samstundes.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 4857

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING